



**Mette Bendiksen** frå Uskedalen, som også i år er kunstnarleg leiar for Søralrevyen, kan notera seg for ein ny suksess. Revyen har fått gode kritikkar og det er ny framsyning i Kulturhuset på Husnes klokka 20 laurdag.

**Mette er pedagog**

**men har hjarta sitt i teatermiljøet og hentar mykje inspirasjon og overskot der. Så har ho da også ein solid fagleg bakgrunn i dette miljøet. Ho var berre 17 år då ho vart rekvisitør på Oslo Nye og sidan har ho hatt svært varierte oppgåver**

Kvinnheringen skriv i dag mellom anna dette:

'Akkompagnert av musikarane Frode Kaldestad, Ove Eikemo, Oddgeir Røssland og Jan Arthur Kalsaas og med Mette Bendiksen sin regi, er 'Gneisten' absolutt verd eit besøk'.

I takketala si karakteriserte Per Øyvind Sævartheit revyen som skremmande bra og sa at jobben som er gjort er ein inspirasjon, spesielt i denne tida.

Anmeldar Håvard Røyrvik skriv at sjølv om kanskje nokre av numra mangla ein god avslutning, må ein gje forestillinga meir enn godkjent.

I ein film som inngår i revyen vert mellom anna grana i Uskedalen skildra og også ellers er det mykje 'godt stoff' også for uskedelingar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen